

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 03.09.03 **Tid:** 14.30 – 18.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte alle.

Andre som var tilstade på møtet:

Administrasjonssjef, miljø- og landbrukssjefen

Ordførar og leiar av teknisk eining var til stades på delar av møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. september 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste samrøystes godkjend

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet samrøystes godkjend

UTVALET SITT KVARTER:

Annlaug Røen Hauge reiste spørsmål ved om det var mogleg å sikra at naust ikkje vert innreidd som hytter ut over det å fatta vedtak om at dette ikkje er lovleg.

Det vart drøfta om det skal utarbeidast forskrifter som legg restriksjonar på utsjånad/utforming av nausta som vil hindra at dei vert innreidd til fritidseigedom. I tillegg bør kommunen vurdera om det skal gjennomførast fleire aktive tilsyn.

Berit Hernes spurde om kommunen har moglegheit til å påverka at eigedomar vert vedlikehaldne. Det vart særleg vist til eldre eigedomar.

Administrasjonen viste til at erfaringane tilseier at fleire eigarar på fritidseigedomar eller liknande ikkje er heldig i høve til vedlikehald. Det vart og vist til fleire saker der kommunen har stilt krav om at det skulle vera berre ein eigar til eigedomen. Ut over dette har kommunen få verkemiddel, med unnatak dersom tilstanden på bygningane er så dårleg at det er farleg for omgivnadane. Då kan det settast krav om riving evt. utbetring.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Administrasjonen har på vegne av kommunen gitt uttale til Landbruksdep. vedkomande framlegg om delegering til kommunen. Utvalet hadde ikkje merknader til uttalen.
- Reguleringsplan for Bjørkheim – orientering om utarbeidd framlegg til plan. Utvalet ba om at saka vert lagt for dei nye politikarane til handsaming.
- Bustadfeltet på Lønnebakken – det var lagt fram prospekt for fleirbustadhusprosjektet med prisar m.m. for dei ulike husværa. Det var i den samanheng teke opp spørsmål om adresse, namn på prosjektet. Det var semje om at me dersom det er tidsmessig mogleg skal prøva å utarbeida eit framlegg til vegnamn/adresser for bustadfeltet på Lønnebakken til neste møte i naturutvalet. Utgangspunktet for vegnamna skal vera gamle namn i området.
- Seksjonering av eigedomar – administrasjonen stilte spørsmål ved om denne type saker kan handsamast på delegert fullmakt. Delingssakene vert politisk handama, og seksjoneringssakene krev same slags utgreiing, målebrev. Det er likevel meir kurante saker, problemstillingar enn for ordinære delingssaker. Utvalet meinte at desse sakene kan avgjerast av administrasjonen føresett at føremåla er i samsvar med planstatus for området.

Sakene på utsendt liste vart gjennomgått.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0032/03	03/00260 KONSESJONSSAK GNR 24, BNR 218.
0033/03	03/00310 KONSESJONSSAK GNR 19, BNR 1.
0034/03	03/00370 KONSESJONSSAK GNR 11, BNR 3.
0035/03	01/00598 DELINGSSAK GNR 33/13.
0036/03	03/00231 DELINGSLØYVE GNR/BNR 3/8 OG 3/11
0037/03	03/00242 DELINGSSAK GNR 24/1.
0038/03	03/00271 DELINGSSAK GNR 3, BNR 11. NAUSTTUFT
0039/03	03/00316 DELINGSSAK GNR 3, BNR 4.
0040/03	03/00356 DELINGSSAK GNR 18/4,6.
0041/03	03/00364 DELINGSSAK GNR 19, BNR 1,4.
0042/03	02/00341 FØRESPURNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.5 BNR.19 VED MOSATJØRN
0043/03	03/00285 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR ANNEKS GNR 6, BNR 3. SKJÆLAAEN

- 0044/03 03/00289
**FLYTTING AV STOLPANE SKULEHUS TIL GNR.17 BNR.7
ÅDLAND SØKNAD OM BYGGJELØYVE**
- 0045/03 03/00320
**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR SÆTERBUER OG
UTHUS GNR.17 BNR.7 ÅDLAND**
- 0046/03 03/00276
OPPNEMNING AV DYREVERNSNEMND.

0032/03

KONSESJONSSAK GNR 24, BNR 218.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjer Ragnhild Hatleli, i høve til konsesjonslova av 31. mai 1974, konsesjon på ein nausttuft, gnr/bnr 24/218, i Samnanger kommune

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjer Ragnhild Hatleli, i høve til konsesjonslova av 31. mai 1974, konsesjon på ein nausttuft, gnr/bnr 24/218, i Samnanger kommune

0033/03

KONSESJONSSAK GNR 19, BNR 1.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tilrår for Fylkeslandbruksstyret å gje Tomas Martin Nordviks Stifting v/Arild Røen konsesjon på gnr/bnr 19/1 i Samnanger kommune. Det vert sett krav om drift av den dyrka jorda på bruket.

Vedtaket er fatta med heimel i jordlova § 1.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune tilrår for Fylkeslandbruksstyret å gje Tomas Martin Nordviks Stifting v/Arild Røen konsesjon på gnr/bnr 19/1 i Samnanger kommune. Det vert sett krav om drift av den dyrka jorda på bruket.

Vedtaket er fatta med heimel i jordlova § 1.

0034/03

KONSESJONSSAK GNR 11, BNR 3.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tilrår at det vert gitt konsesjon på gnr/bnr 11/3 i Samnanger kommune til Sølve Garlimo og Rune Landås. Det vert ikkje sett krav til bu- og driveplikt. Konsesjon vert

gitt med føremål om å nytta eigedommen som fritidseigedom. Det vert synt til ålmenta sin rett til fri ferdsel i utmarka.

Samnanger kommune har ingen merknadar til kjøpesummen på kr. 625 000,-.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova § 1.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune tilrår at det vert gitt konsesjon på gnr/bnr 11/3 i Samnanger kommune til Sølve Garlimo og Rune Landås. Det vert ikkje sett krav til bu- og driveplikt. Konsesjon vert gitt med føremål om å nytta eigedommen som fritidseigedom. Det vert synt til ålmenta sin rett til fri ferdsel i utmarka.

Samnanger kommune har ingen merknadar til kjøpesummen på kr. 625 000,-.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova § 1.

0035/03

DELINGSSAK GNR 33/13.

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til plan og bygningslova § 63 ikkje gitt løyve til å dela bygningane med tilhøyrande tuft i frå gnr/bnr 33/13 i Samnanger kommune.

Med heimel i jordlova § 12 vert det ikkje gitt løyve til å dela i frå bygningane på gnr/bnr 33/13 i Samnanger kommune. Samnanger kommune vil rå til at eigedommen vert ført over til ein eigar.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert i høve til plan og bygningslova § 63 ikkje gitt løyve til å dela bygningane med tilhøyrande tuft i frå gnr/bnr 33/13 i Samnanger kommune.

Med heimel i jordlova § 12 vert det ikkje gitt løyve til å dela i frå bygningane på gnr/bnr 33/13 i Samnanger kommune. Samnanger kommune vil rå til at eigedommen vert ført over til ein eigar.

0036/03

DELINGSLØYVE GNR/BNR 3/8 OG 3/11

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til plan- og bygningslova § 63 ikkje gitt løyve til å frådele ei bustadtuft på 1,9 daa frå gnr/bnr 3/8 og 3/11 i Samnanger kommune. Område vert på den andre sida foreslått sett av til bustadområde m.m. med krav om reguleringsplan i ny arealplan for Samnanger kommune.

Det vert i høve til jordlova § 12 ikkje gitt løyve til frådeling av bustadtuft på gnr/bnr 3/8 og 3/11 i Samnanger kommune. Tilhøva i høve til jordlova vil då vert teke opp på nytt.

Handsaming i møte:

I møtet vart det lagt fram uttale frå fylkesmannen i Hordaland der det vert peika på lova og kva ansvar som ligg i høve til å gje dispensasjon.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert i høve til plan- og bygningslova § 63 ikkje gitt løyve til å frådele ei bustadtuft på 1,9 daa frå gnr/bnr 3/8 og 3/11 i Samnanger kommune. Område vert på den andre sida foreslått sett av til bustadområde m.m. med krav om reguleringsplan i ny arealplan for Samnanger kommune.

Det vert i høve til jordlova § 12 ikkje gitt løyve til frådeling av bustadtuft på gnr/bnr 3/8 og 3/11 i Samnanger kommune. Tilhøva i høve til jordlova vil då vert teke opp på nytt.

0037/03

DELINGSSAK GNR 24/1.

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram for utvalet utan tilråding.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka, m.a. var spørsmålet om kor sterk utbygging som skal vera i strandsonen i dette området. Utvalet konkluderte med at det ikkje skulle tillatast naustbygging utover det området som pr. d.d. er avsett til dette.

Det vart fatta eit samrøystes vedtak.

Vedtak:

Søknaden om frådeling til naust vert ikkje imøtekomen for området som ikkje er regulert. Utnyttingsgraden innanføre det regulerte område vert teke stilling til når det ligg føre konkrete søknader for dette området.

0038/03

**DELINGSSAK GNR 3, BNR 11.
NAUSTTUFT**

Framlegg til vedtak::

Det vert gitt dispensasjon frå § 17-2 i Plan- og bygningslova til frådeling av nausttomt på gnr/bnr 3/11 i Samnanger kommune.

Det vert gitt dispensasjon frå § 12 i jordlova til frådeling av nausttomt på gnr/bnr 3/11 i Samnanger kommune.

Kjøpar av tufta er Gunn J. Røen.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert gitt dispensasjon frå § 17-2 i Plan- og bygningslova til frådeling av nausttomt på gnr/bnr 3/11 i Samnanger kommune.

Det vert gitt dispensasjon frå § 12 i jordlova til frådeling av nausttomt på gnr/bnr 3/11 i Samnanger kommune.

Kjøpar av tufta er Gunn J. Røen.

0039/03

DELINGSSAK GNR 3, BNR 4.

Framlegg til vedtak::

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 63 og eksisterande arealplan for Samnanger kommune ikkje gitt dispensasjon til å dele i frå ei hyttetuft på om lag 1,2 daa i frå gnr/bnr 3/4 i Samnanger kommune.

Det vert i høve til jordlova § 12 gitt løyve til å dele ei tuft på om lag 1,2 daa i frå gnr/bnr 3/4 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 63 og eksisterande arealplan for Samnanger kommune ikkje gitt dispensasjon til å dela i frå ei hyttetuft på om lag 1,2 daa i frå gnr/bnr 3/4 i Samnanger kommune.

Det vert i høve til jordlova § 12 gitt løyve til å dela ei tuft på om lag 1,2 daa i frå gnr/bnr 3/4 i Samnanger kommune.

0040/03

DELINGSSAK GNR 18/4,6.

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til § 7 i plan- og bygningslova gitt dispensasjon til å flytte ei eksisterande hyttetuft til eit nytt område på gnr/bnr 18/4,6 i Samnanger kommune. Det skal framleis vera totalt løyve til 7 hyttetufter på gnr/bnr 18/4,6. Den nye tufta skal opparbeide eigen parkeringsplass innanfor tufta.

I høve til jordlova § 12 vert det gitt løyve til å flytte ei eksisterande hyttetuft til eit nytt område på gnr/bnr 18/4,6 i Samnanger kommune. Det skal framleis vera totalt løyve til 7 hyttetufter på gnr/bnr 18/4,6. Det vert sett vilkår om vedlikehaldskontrakt i høve til vegen, som det også er sett krav om til dei eksisterande hyttetuftene.

Handsaming i møte:

Idar Reistad ba om at det vart vurdert om han var ugild i denne saka. Han er nabo til eigedomen. Utvalet vurderte at han var gild, og han tok deretter del i handsaninga.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert i høve til § 7 i plan- og bygningslova gitt dispensasjon til å flytte ei eksisterande hyttetuft til eit nytt område på gnr/bnr 18/4,6 i Samnanger kommune. Det skal framleis vera totalt løyve til 7 hyttetufter på gnr/bnr 18/4,6. Den nye tufta skal opparbeide eigen parkeringsplass innanfor tufta.

I høve til jordlova § 12 vert det gitt løyve til å flytte ei eksisterande hyttetuft til eit nytt område på gnr/bnr 18/4,6 i Samnanger kommune. Det skal framleis vera totalt løyve til 7 hyttetufter på gnr/bnr 18/4,6. Det vert sett vilkår om vedlikehaldskontrakt i høve til vegen, som det også er sett krav om til dei eksisterande hyttetuftene.

0041/03

DELINGSSAK GNR 19, BNR 1,4.

Framlegg til vedtak::

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 7 gitt dispensasjon til å dele ei tuft på om lag 0,5 daa i frå felleseige til gnr/bnr 19/1 og 19/4 i Samnanger kommune. Tufta skal liggje rundt eksisterande hytte i utmark.

Det vert i høve til jordlova § 12 gitt løyve til å frådele ei tuft på om lag 0,5 daa i frå felleseige til gnr/bnr 19/1 og 19/4 i Samnanger kommune. Tufta skal liggje rundt eksisterande hytte i utmark.

Tufta skal gå over i eige til Elinor Tysseland.

Handsaming i møte:

Øyvind Røen er ein av grunneigarane i området. Ha ba om at utvalet vurderte om han var ugild ved handsaming av saka, noko som utvalet fann at han ikkje var. Han tok del i den vidare handsaminga.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 7 gitt dispensasjon til å dele ei tuft på om lag 0,5 daa i frå felleseige til gnr/bnr 19/1 og 19/4 i Samnanger kommune. Tufta skal liggje rundt eksisterande hytte i utmark.

Det vert i høve til jordlova § 12 gitt løyve til å frådele ei tuft på om lag 0,5 daa i frå felleseige til gnr/bnr 19/1 og 19/4 i Samnanger kommune. Tufta skal liggje rundt eksisterande hytte i utmark.

Tufta skal gå over i eiga til Elinor Tysseland.

0042/03

**FØRESPURNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.5 BNR.19
VED MÅSATJØRN**

Framlegg til vedtak::

Ved søknad, kan det påreknast at byggjeløyve for hytte vert gjeve. Hytta må vera plassert og ha ein estetisk utforming som kan godkjennast. Det må byggjast slik at ferdsle langs strandkanten ikkje vert hindra.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Ved søknad, kan det påreknast at byggjeløyve for hytte vert gjeve. Hytta må vera plassert og ha ein estetisk utforming som kan godkjennast. Det må byggjast slik at ferdsle langs strandkanten ikkje vert hindra.

0043/03

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR ANNEKS GNR 6, BNR 3. SKJÆLÅNA

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens byggjeforbud i LNF området, for bygging av anneks i samsvar med søknad dgs.13.06.03.

I medhald av plan og bygningslova § 74 vert det kravd at annekset skal byggjast med same takvinklar som hytta. Utover krav om takvinkel vert det med heimel i plan og bygningslova § 93 gjeve byggjeløyve for anneks, i samsvar med søknad dgs.13.06.03.

Det er ikkje lov å leggja inn vatn i annekset. Det skal nyttast biologisk verkande toalett som avløpsløyving.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltingslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefrist er 3 veker frå De mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens byggjeforbud i LNF området, for bygging av anneks i samsvar med søknad dgs.13.06.03.

I medhald av plan og bygningslova § 74 vert det kravd at annekset skal byggjast med same takvinklar som hytta. Utover krav om takvinkel vert det med heimel i plan og bygningslova § 93 gjeve byggjeløyve for anneks, i samsvar med søknad dgs.13.06.03.

Det er ikkje lov å leggja inn vatn i annekset. Det skal nyttast biologisk verkande toalett som avløpsløyving.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltingslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefrist er 3 veker frå De mottok vedtaket.

0044/03

**FLYTTING AV STOLPANE SKULEHUS TIL GNR.17 BNR.7 ÅDLAND
SØKNAD OM BYGGJELØYVE**

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, for plassering av Stolpane skulehus som synt på situasjonskart.

I medhald av plan og bygningslova §93 vert det gjeve løyve til demontering og oppatt bygging av Stolpane skulehus i samsvar med søknad dgs.13.06.03.

Det må sikrast at huset vert merkt og demontert slik at det kan byggjast oppatt slik det er no. Ansvarleg utførande for arbeida må godkjennast av teknisk eining.

Handsaming i møte:

Berit Hernes sette fram framlegg om å utsetja saka. Tre røysta for framlegget om å utsetja saka, 4 røysta imot. Saka vert soleis handsama.

Utvalet var oppteken av at kommunen får på plass ein avtale om drift, bruk m.m. av skulehuset før det vert sett i gang arbeid på plassen.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, for plassering av Stolpane skulehus som synt på situasjonskart.

I medhald av plan og bygningslova §93 vert det gjeve løyve til demontering og oppatt bygging av Stolpane skulehus i samsvar med søknad dgs.13.06.03.

Det må sikrast at huset vert merkt og demontert slik at det kan byggjast oppatt slik det er no. Ansvarleg utførande for arbeida må godkjennast av teknisk eining.

0045/03

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR SÆTERBUER OG UTHUS
GNR.17 BNR.7 ÅDLAND**

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplan for oppføring av 2 sæterbuer og eit uthus på gnr.17 bnr.7 i samsvar med søknad dgs.23.06-03.

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for 2 sæterbuer og eit uthus på gnr.17 bnr.7 i samsvar med søknad dgs.23.06.03.

Søkjaren er ansvarleg for at arbeidet vert forsvarleg utført.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplan for oppføring av 2 sæterbuer og eit uthus på gnr.17 bnr.7 i samsvar med søknad dgs.23.06-03.

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for 2 sæterbuer og eit uthus på gnr.17 bnr.7 i samsvar med søknad dgs.23.06.03.

Søkjaren er ansvarleg for at arbeidet vert forsvarleg utført.

0046/03

OPPNEMNING AV DYREVERNSNEMND.

Handsaming i møte:

Utvalet tilrår at det vert gjenvalg på dei sitjande medlemmane.

Vedtak:

Ove Aasebø vert Samnanger kommune sitt medlem i interkommunal dyrevernemnd med Anne Frøland som varamedlem.